



Haakon Gunnar Aase  
Litlebergen 29  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1508 - 16/14725

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
19.07.2016

## Avslag på søknad om SMIL-midler 2016 til hesjing i Sundet Gbnr. 26/5

**Administrativt vedtak. Saknr: 257/2016**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 01.06.2016.

Meland kommune vart for 2016 løyvd kr 170.000 i SMIL-midler frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i møte 19.04.2016 ein ny SMIL-strategi for 2016-2019 med prioriteringar og satsar for kostnader. Søknadsfrist var 01.06.2016. Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 15 søknader, m.a. frå Haakon Gunnar Aase for Gnr. 26. bnr. 5.

Haakon Gunnar Aase har søkt om tilskott til: hesjing.

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har ikkje registrert viktige miljøverdiar på arealet.

Vedlegg til søknaden som er levert:

- Kart over tiltaket
- Bilete
- Kopi av gjødselplan

Bruket har eit jordbruksareal på 12,5 daa, 41,5 daa skog og 8,4 daa anna areal. Driftsforma på bruket er sauehald.

Av SMIL-strategien går det fram at kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet. Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og byggje vidare på tiltak som allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turvegar m.m. Nyetablerte kan prioriterast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

Overordna prioriteringar:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe midlar skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.
2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
3. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket ble i 2015 revidert. Det ble i ettertid utarbeidd eit nytt rundskriv til den reviderte forskrifta. Søknadene vert sett i samanheng med det Regionale miljøprogrammet for Hordaland (RMP).

### **Vurdering:**

Prioritering totalt sett: 14

Søkjaren hesjer slåttemarka både med maskin og med ljà, og har hesja mykje høyr dei siste 4 åra. Administrasjonen ser at det er positivt at ein held gamle metodar og kunnskapar i hevd samstundes som ein held jordbrukslandskapet i hevd. Vidare vert hesjinga gjort på eit areal som er godt synleg for mange.

Det har i årets søknadsprosess kome inn mange søknader om SMIL-midlar, samstundes som kommunen har fått løyvd mindre midlar enn tidligare år. Dette har ført til ein streng prioritering av midlane i årets tildeling av SMIL-midlar, og det er lagt vekt på tiltak som aukar eller styrkar produksjonsgrunnlaget på garden. På bakgrunn av dette har administrasjonen ikkje funne rom til å gje tilskot til hesjing.

Administrasjonen vil minne om at det er mogleg å søkje ved neste høve.

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlovas §§ 8-12 og ut i frå den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdiar i Sundet. Administrasjonen har vurdert det slik at tiltaket ikkje er i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf. §§ 8-12).

## **Vedtak**

«Meland kommune avslår søknad om SMIL-tilskot til hesjing frå Haakon Gunnar Aase på gnr. 26. bnr. 5 i Sundet. Grunngeving går fram av vurderinga.

Vedtaket har heimel i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket §§ 5 og 8.»

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Vedlegg:**

SMIL-søknad 2016 signert Gbnr. 26-5

## **Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

**Mottakere:**

Haakon Gunnar Aase

Litlebergen 29

5918

FREKHAUG